



# VOSS KOMMUNE

## Utval for levekår

Kommunalavdeling oppvekst

Vår ref  
09/110-58 1530/15

Etat/ avd. Saksbeh  
OPP FS

Ark.  
A00 &13

Dykkar ref. Dato  
29.01.2015

### **HØYRING -FORSLAG TIL ENDRING I FORSKRIFT OM FORELDREBETALING I BARNEHAGAR**

Utval for levekår behandla i møte 27.01.2015 sak 3/15.

Det vart gjort følgjande

#### **Vedtak:**

- 1 Brev til Kunnskapsdepartementet vert godkjent og sendt slik det ligg føre i vedlegg 1.
- 2 Endring i forskrift om foreldrebetaling om redusert foreldrebetaling vil erstatta noverande reglar i Voss kommune om redusert foreldrebetaling frå den dagen ny forskrift trer i kraft.
- 3 Vedtekter for kommunale barnehagar må endrast i høve nye reglar i forskrift om foreldrebetaling.

Med helsing

Else Berit Kyte  
Kommunalsjef

Vedlegg: Samla sak for utvalet

Kopi til: Kommunale barnehagar



# VOSS KOMMUNE

## Kommunalavdeling oppvekst

postmottak @kd.dep.no

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
09/110-50 549/15	OPP	FS	A00 &13		12.01.2015

### HØYRINGSUTTALE- OM FORSLAG TIL ENDRING I FORSKRIFT OM FORELDREBETALING I BARNEHAGAR

Vi viser til brev av 1.12.2014 om høyring knytt til forslag til endring i forskrift om foreldrebetaling i barnehage.

Voss kommune ser det er viktig at kommunane får eit enkelt regelverk å forholde seg til og som ikkje krev auka tid til sakhandsaming. Endring i forskrift om foreldrebetaling er foreslått å gjelda frå 1. mai 2015. Vi vil gje tilbakemelding på at vi meiner at dette er for tidleg for kommunen å få på plass nye reglar. Vi vil ber om at kunnskapsdepartementet vurderer å innføring endring i forskrift først frå hausten 2015 eller frå 1. januar 2016. Ny forskrift vil gje auka administrasjon for å få på plass reglar samt behandla søknader fortløpande.

Hushaldninga si samla kapital – og personinntekt bør ligga til grunn for utrekningsgrunnlaget for redusert foreldrebetaling. Barnebidrag bør ikkje takast med som hushaldninga si samla inntekt.

I høyringsnotatet er det foreslått at det er siste års sjølvmelding som skal ligga ved som dokumentasjon til søknad om redusert foreldrebetaling. Vi ønskjer å påpeike at det for nykomne flykningar, asylsøkjjarar og arbeidsinnvandrarar, så kan det vera vanskeleg for desse å leggja fram dokumentasjon på siste års sjølvmelding, fordi dei ikkje har og kan leggja fram slik dokumentasjon. Samtidig som vi kjenner til at dette kan vera ei gruppe som kan ha låg inntekt og kan ha moglegheit for å få redusert foreldrebetaling. Vi ber om at kunnskapsdepartementet vurdere om det berre er siste års sjølvmelding som skal ligga til grunn som dokumentasjon eller om det kan vera andre dokument som kan dokumentera ein persons inntekt t.d. sum månadsinntekt.

Vi ønskjer også ei tydleg avklaring på om kommunen skal behandla alle søknader uavhengig om barnet går i kommunal eller privat barnehage.

Med helsing

Knut Fløtberget  
Leiar i utval for levkår

Else Berit Kyte  
kommunalsjef

Vedlegg:

Kopi til:

